

Referat ekstraordinært kretsting 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Gulliksen, Øyvind (31.01.2003), signert 26.10.2025 med Signicat Sign BANKID
- Karlsen, Karl Andreas (06.05.1978), signert 27.10.2025 med Signicat Sign BANKID
- Økland, Audun (05.12.1959), signert 05.11.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

REFERAT FRÅ DET

48. ÅRSMØTET I RYVARDEN KRETS

Måndag 29. september 2025 kl. 18:00 på Hedleitun

Opning

Møtet starta med flagguttrulling.

1 Konstituering

- 1.1. Audun Økland vart oppnemnd som ordstyrar.
- 1.2. Tor Litlabø og Simon Nesse Økland vart oppnemnde som referentar.
- 1.3. Godkjenning av representantane: 34 representantar med stemmerett.
- 1.4. Sakliste og innkalling vart godkjent.
- 1.5. Øyvind Gulliksen og Karl Andreas Karlsen vart oppnemnd til å underskrive referatet.
- 1.6. Tove Midtskog og Monica Alvestad vart oppnemnd som teljekorps.

2 Endring i retningslinjer

Visekretsleiar presenterte saka om endring i retningslinjer. Vedlagt i sakspapira,

Kommentarar:

- Det var eit kort ordskifte med spørsmål og avklaringar knytta til kvifor det var naudsynt å endra retningslinjene.

Vedtak:

Endring i retningslinjer vert samrøystes godkjent som føreslått.

3 Val

Tor Litlabø i valkomitéen presenterte valkomitéen sitt forslag til val.

Vagkomitéen sitt forslag til valkomite for 1 år:

- Andrea M. Mjønes (1.Leirvik speidargruppe)
- Kjell Mannes (Åkra speidargruppe)

Resterande verv for 2025 vart valt ved det ordinære kretstinget i februar 2025.

Vedtak:

Forslag til val vart samrøystes vedtatt.

4 Vasskjelde på Lier

Øystein Østensen frå kretsstyret presenterte saka om vasskjelde på Lier og kretsstyret si innstilling. Vedlagt i sakspapira.



Det vart ein brei debatt med mange spørsmål og kommentarar. Fleire peika på utfordringar knytt til kretsstyret sine løysningsforslag, og ulike forslag til både tekniske og praktiske tiltak vart løfta fram. Mange av innspela var gode og kreative, men ingen av dei var utgreidde i detalj på ein måte som kunne liggja til grunn for vedtak på årsmøtet.

Det vart òg diskutert korleis tilgjenge på nok og rett type vatn på Lier kunne bidra til å auka bruken av leiområdet, ikkje berre til dei store anledningane i kretsen med høgt deltakarantal, men òg til fleire arrangement gjennom året.

Karl Andreas Karlsen, 1. Vedavågen Sjø, fremja eit konkret forslag om slange på trommel frå Liervatnet til leirstaden. Forslaget vart omtalt som ein rimeleg måte å løysa vassproblematikken på, med estimert kostnad på 7 550 kr. Det innebar òg å framforhandla avtale om filterdeling i det omtalte naustet.

Simon Nesse Økland, Meling speidargruppe, fremja eit utsettingsforslag. Han appellerte til samhald i kretsen og peika på at saka burde utgreiast betre, med omsyn til dei innspela som kom fram under debatten.

Vedtak:

Det vart røysta over utsettingsforslaget. 15 delegatar røysta mot og 19 delegatar røysta for. Saka om vasskjelde på Lier vart dermed utsett til det ordinære kretstinget i 2026.

Avslutning

Visekretsleiar takka ordstyrar Audun Økland for innsatsen i samband med årsmøtet.

Møtet vart avslutta med innrulling av flagget og speidarbøn.

Audun Økland
Ordstyrar

Karl Andreas Karlsen
Valt representant til å signere referatet

Øyvind Gulliksen
Valt representant til å signere referatet

